



MØTEREFERAT

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet

Referat frå: Administrativ Koordineringsgruppe **Møtedato:** 13.02.2015 **Tid:** 12:30 – 15:00

Møteleiar: Bård Sandal **Møtestad:** Fylkeshuset **Arkivsak:**

Referent: Snorre Waage **Ref.dato:** **Arkivnr.:**

Deltakarar: Bård Sandal, Torgeir Flo, Olav Terje Hove, Mette Svanes, Willy Sørensen, Ingvild Hjelmtveit, Knut Terje Rekve, Odd Ivar Øvregård, Gerhard Inge Storebø, Trine Grønbech, Siri Fahlvik Pettersen, Marit Rødseth, Øyvind Sundfjord, May Britt Hernes, Hans-Christian Engum, Snorre Waage

Referat frå møte i Administrativ Koordineringsgruppe – Regional plan for Bergensområdet 13.02.2015

Direktør for regional utvikling i fylkeskommunen ønskte alle velkommen til møtet.

1/15 Dagsorden og referat

Ingen merknader, begge referat godkjent.

Den administrative koordineringsgruppa uttrykte at dei ønskjer innsyn i referat frå møta i styringsgruppa. Desse vil bli gjort tilgjengeleg.

2/15 Senterstruktur og utbyggingsmønster

Konsekvensar av utbyggingsmønster, Asplan Viak

Asplan Viak presenterte førebels resultat på nokre av KU-tema som er under arbeid. Utgreiinga tek føre seg stiliserte alternativ av utbyggingsmønster, nettopp for å synleggjere mulege konsekvensar av dei vala ein tar i planen. KU-grunnlaget er ikkje eit plandokument, men eit bakgrunnsdokument som kan nyttas i den vidare planleggingsprosessen.

Innspel:

- Spørsmål om korleis den regionale atp'en påverker arealplanarbeidet i kommunane (lokalsenterkommunene).
- «Kartet stemmer ikkje med røynda». ABC-kartet syner at til dømes Åsane er gunstig for arbeidsplassintensive verksemdar, men dette stemmer dårleg med røynda. Det har vist seg vanskeleg å få arbeidsplassintensive verksemdar til å etablere seg i Åsane
- Det er viktig å hugse at dette er modeller for å tenke vidare, og ikkje den ferdige planen.
- *Vekst framfør vern vs. Vern framfør vekst.* Dette er viktige stikkord. Bør tydelegare fram, og bli forankra frå statleg til lokalt hold.

b. Utkast kapittel 2 - Senterstruktur og utbyggingsmønster, HFK

Innspel:

- Den hierarkiske inndelinga i kartet om senterstruktur er misvisande, og får ikkje med senteras funksjonalitet. Bydelar i Bergen framstår særleg med lågare funksjonsnivå enn dei i røynda har.
- Vegsystem til Lonevåg er ikkje oppdatert.
- For omegnskommunane framstår det som presenterast som dramatisk.

c. Drøfting

Innspel/diskusjonspunkt kapittel:

- Det vert etterspurd ein diskusjon på bustadkvalitet. (svar: Dette er tema i kapittel 4 om bustadområde).
- Dette planarbeid er svært politisk krevjande arbeid. Innhaldet må difor ikkje berre halde mål fagleg, men må og holde mål politisk. Ein må tenkje på korleis formannskapa i kommunane vil forholde seg til dette innhaldet. Det må gjerast ein skikkeleg jobb med å gjere budskapet tilgjengeleg og leggje det fram på ein meir pedagogisk måte.
- No byrjar det å snevre seg inn. Kommunale politiske organ opplevast som kritiske til planen. Dette gjeld særleg for lokalsenterkommunane. Må presenterast på en pedagogisk måte.
- Forslag til at ein pedagogisk tilnærming er å starte med kva som er allereie ligg som vedtekne planar, og så syne kva ein ønskjer å få til framover med planen.
- Ligger mykje i framstillinga (pedagogikken). Fortetting handlar mellom anna om meir enn klima. Det handlar og om korleis vi betre kan innretta oss, bumiljø, kvardagen osv.
- Nesttun og Lagunen må inn som bydelssenter. Det må leggest opp til meir bygging i tilknytning til bybanen. Planen bør vere tydelegare på funksjonar i sentera.
- Bruken av omgrepet «korridorbyen» bør ein unngå, då dette er eit omgrep som allereie nyttast av Bergen kommune. Kan alternativt nytte omgrepet «kollektivbyen».
- Korridorane må vere bystamlinene, og ikkje korridorane imellom.
- Å fortette i Morvik og Toppe strir mot Bergen kommune KPA.
- Kan ein kalle alternativet «*service- og kollektivbyen*»?
- Dette er ein plan alle kommunane i Bergensområdet treng. Vi som gruppe skal ikkje vere redd for å bli «bunden til masten». Gruppas medlemmer (administrativ koordineringsgruppe) kjem med innspel til arbeidet, og det er bra at vi har anleing til å gjere det.
- Planen kan med fordel i større grad belyse dei relative skilnadene i Bergensområdet. Det er store skilnader mellom kommunar, og korleis stil denne planen seg til dei forskjellige kommunetypane. Det er stor skilnad på kva som er «mange/mye» i ein lokalsenterkommune vs. i Bergen kommune. Planen bør mellom anna synleggjere kva 20% av veksten vil seie for omegnskommunane.
- Vi treng ei overordna styring, og retningslinjer som peiker i retning med kommunane. Møtelyden etterlyser ei tilnærming som i større grad syner dette for alle kommunane. Slik det er no er oppfatninga/forståinga av innhaldet at det er ein del kommunar /områder som i liten grad er synleg, og ikkje ser ut til å skulle få ta del i den venta veksten.
- HFK: Vi ønskjer ei trygg styring samen med kommunane.

- Ikkje alle er einige i at dei kommunale politikarane er så kritiske til konsentrert utbygging som møtelyden kan gi uttrykk for.
- Opplev at den desentraliserte senterstruktur har som hensikt å skape/vidareutvikle nokre oppegåande sjølvhjulpne senter/noder på ein del område. Dette skal mellom anna avlaste trafikk til sentrum. Eit premiss for planen er at ein skal få avlastning av transporten. KU påpeika at det kan utfordre modellen med desentralisert konsentrasjon om det er for mange senter rundt Bergen som veks. Det bør ikkje vere for mange, og dei bør ikkje konkurrere mot kvarandre (dette har og med lokalisering av konsentrasjonssentera). Dette er viktige premiss for ein vellukka desentralisert konsentrasjonsmodell.
- Kva verkemiddel kan ein/vil ein ta i bruk?
- Ein kan stille ulike krav til kommunane, men planen må stille krav til alle kommunane.

Innspel/diskusjonspunkt retningslinjer:

- Retningslinjer for analyser:
 - «kommunane skal vurdere potensialet» - legg til «i kommunaplan»
 - Kan kommunane *legge vekt på...* istedenfor *skal...*
 - Regional fordelingsmodell leggas til grunn for analyse: desentralisert konsentrasjon
«...som grunnlag for kommunaplanens arealdel skal...».
 - HFK: Vi vil finne ein formulering som er spiseleg.
 - Ordlyden litt lite smidig. Opplevs provoserende. Kna litt på det. Gjere det meir tilgjengeleg.
 - ...vurdere potensialet
Veiledning og kart
Rettleiing og kart
Det er ein fordel at det vert bygd på areal som....
 - Sjå i samanheng med sosial infrastruktur. (Påpeika kva ein meiner med «infrastruktur»).
 - Forholde seg i større grad til eksisterande sosial infrastruktur.
- Retningslinjer for areal:
 - Ver meir pedagogisk
 - Omhandlar i for liten grad lokalsenterkommunane.
 - Presisere type infrastruktur i retningsline (inkludere veg vann og kloakk, skule, helse osv.).
 - Retningsline 2: Viktig presisering: «prioriterte vekstområde» bør heller vere «regionale vekstområde». Sjå på formuleringane for å få vekk det som opplevast som «arroganse» i dokumentet.
 - Fylkeskommunen foreslår at ein kanskje kan ha to forskjellige kart, der eitt syner regionale vekstområder, medan det andre viser lokale vekstområder?
 - Retningsline 6: Betyr dette å gjere heile kommuneplanen på nytt? Tydeleggjere formuleringa (...ved rullering).
 - Innspel på at ordlyden i retningsline 6 opplevast som dryg kost.
 - FMHO påpeiker at ATP for Oslo og Akershus (p.t. på høyring) inneheld tilsvarande formulering i retningsline. Er ikkje kontroversiell på nokon måte.
 - Retningsline 6 er meint å seie at ved rullering av kommuneplanar skal ATP vurderast.

- Retningsline 7: Fylkeskommunen understreker at her må det differensierast mellom vekst/foran vern i nokre område, mens det er vern foran vekst i andre område.
 - Retningsline 8: Fylkeskommunen vil omsette til bueiningar per dekar i staden for
- Det blei ikkje mogeleg innanfor møtets tidsramme å kome gjennom heile diskusjonsgrunnlaget. Det blei derfor foreslått at ein hadde eit nytt møte i den administrative koordineringsgruppa før neste styringsgruppemøtet. Dette blei imøtekommen av møteleiinga, og etter ei runde i gruppa blei ein samde om **nytt møte i administrativ koordineringsgruppe måndag 9. mars kl: 13:30.**
Møteinnkalling er sendt.

3/15 Kapittel 4 – Bustadområde, HFK

Det vart ikkje tid til å gå gjennom utkast til kapittel om bustadområde. Dette vert diskutert neste møte i gruppa, sett til måndag 9. mars

4/15 Framdriftsplan

Det vart antyda frå fleire kommunar at det ville bli vanskeleg å rekkje høyringsfrist den 1. september. Fylkeskommunen ønskjer god politisk forankring av planen i kommunane, og vil derfor kunne utsette høyringsfrist for dei det gjeld om dette vert søkt om.

5/15 Eventuelt

Nytt møte i administrativ koordineringsgruppe måndag 9. mars kl: 13:30.